

**Sakshandsamar:**

Ingebjørg Erikstad

E-post: ingebjorg.erikstad@sfj.no

Tlf: 415 30 941

Vår ref.

Sak nr.: 12/4027-6

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

33161/12

Dykkar ref.**Dato**

FØRDE, 25.09.2012

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep

0030 Oslo

Svar - Høyring - utkast til lov om Norsk kulturråd

Saka vart handsama i hovudutval for kultur på møte 25.09.2012. Det vart fatta følgjande samrøystes vedtak:

1. Sentraliseringa av makt og midlar til Norsk Kulturråd kan utgjere ei stor utfordring for utviklinga av eit aktivt, variert og profesjonelt kulturliv i heile landet. På denne bakgrunn ser Sogn og Fjordane fylkeskommune det viktigare å gå gjennom struktur og sentralisering i norsk offentleg kulturliv enn å lovfeste Norsk Kulturråd.
2. Kulturrådet forvaltar mange tilskotsordningar som har stor betydning for regionalt og lokalt kulturliv. Dette bind opp ressursar lokalt fordi staten inkludert kulturrådet løyver midlar «under føresetnad av regional/lokal deltaking» utan at dette er drøfta på førehand. Vi ventar at staten tek opp dette til drøfting med fylkeskommunar og kommunar.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune viser til det arbeidet som Enger-utvalet er igong med, og meiner at ei mogleg lovfesting av Norsk Kulturråd vert sett i samanheng med utvalet sitt arbeid. Lovfestinga bør såleis vente til Enger-utvalet sitt arbeid er levert og handsama av Stortinget.

Med helsing

Åshild Kjelsnes

Åshild Kjelsnes
fylkesordførar

